

Furuknap Brita G.**Fra:** Helge Vallestad [helge.vallestad@radoy.kommune.no]**Sendt:** 7. november 2005 16:05**Til:** Postmottak BFD**Emne:** Merknader til ny rammeplan for barnehagane

BARN OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
330.01	
- 8 NOV 2005	
2005/03580	SIGN.

Se vedlagte saksdokumenter:

-177



Det kongelege barne og familedepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
05/548-6/05/4894/HVA

Dato:
Manger: 07.11.2005

MERKNADER TIL NY RAMMEPLAN FOR BARNEHAGANE

Radøy kommune har ingen merknader til ny rammeplan for barnehagane, men gjev att følgjande uttale frå samarbeidsutvalet i ein av våre barnehagar:

- Rammeplanen stiller store krav til personalet. Ressursane som vert gjeve til barnehagane må aukast opp for at personalet skal verte i stand til å gjennomføre intensjonane i rammeplanen.
- Barnehagen har gjennomgått store endringer i dei seinare år, både lokalt og nasjonalt. Ramebetingelsane er endra, ein stiller større krav til fleksibilitet i tilbodet og tilbodet skal vere brukartilpassa. Samstundes opplever ein sterke økonomiske krav og nedskjeringer i kommunesektoren. Dette ser ein kjem i konflikt med borna sine behov for stabilitet og tryggleik i barnegruppene.
- pkt 2.3: Borna sin medbestemmelse. Dette er poengtert i høyringsutkastet. Sjølv sagt tar ein hensyn til dette i dagleglivet, men saknar å sjå korleis ein tenkjer seg dette utvida då det er så sterkt poengtert i rammeplanen. Her kunne kanskje eit temahefte hjelpe på tankegangen vår. Kvar skal grensene gå mellom vaksne si styring og bestemmelse i kvardagen og borna sin "utvida" rett? Korleis få til dette i grupper på 19 born? Ligg det ikkje inne i sosialiseringa at dei vaksne skal ta dei fleste avgjerder, og slik må det vere? Bestemmer ikkje ein del av dagens born litt for mykje i høve dei vaksne?
- Samarbeid barnehage-skule i høve overgangen. pk 8.2. Her bør ein forplikte skulen meir, ikkje kun barnehagen. Første setning i avsnittet 8.2 bør lyde:
"Barnehagen og skolen skal , i samarbeid med foreldrene, legge til rette for barnas overgang fra barnehage til første klasse og eventuell skolefritidsordning."
- Fagområda: anerkjenner barnehagen som ein pedagogisk institusjon.
- Temahefta som skal følge med rammeplanen burde vore ute samstundes med høyringa. Dette kunne konkretisert innhaldet og tenkinga bak ein del av innhaldet betre.
- Gjennomføring av ny rammeplan krev tid og rom for skulering av heile personalgruppene.

Med helsing

Olav Steinar Namtvedt
Ordførar

Helge Vallestad
spesialkonsulent